

Sogn regionråd er ein organisasjon som er eigd av sju kommunar i Sogn: Aurland, Lærdal, Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster. Vi arbeider mellom anna med kvalitetsutvikling av barnehagane, skulane – og entreprenørskap. Prosjektet "Sats på skulen – snu Sogn" er kommunane sitt overordna prosjekt for regional skule- og samfunnsutvikling. Dette er tredje gong vi arrangerer entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i Sogn.



#### Samarbeidspartar



NRK Sogn og Fjordane



[www.gasta.no](http://www.gasta.no)



# Kreativitet skapar glede og læring i Sogn

Velkomen til entreprenørskapsmesse  
på Leikanger 5. mai 2011



sparebanken  
sogn og fjordane



# Framtid, samspel og skaparglede!

Det viktigaste er ikkje kva utfordringane våre er, men korleis vi møter desse.

Framtida til Sogn er samla på Leikanger 5. mai. Framtida går i 8. klasse! Entreprenørskap er ikkje eit eige fag, men det er eitt av hovudmåla i skulen. Samspel, skaparglede og trua på eigne krefter er noko av det viktigaste vi kan vidareforedle i skulane.

## Vi har fire hovudmål med entreprenørskapsmessa:

1. Gje inspirasjon og gode idear til elevane i 8. klasse
2. Presentere gode elevverksemder frå 9. klasse
3. Lære kvarandre å sjå moglegheitene og tenkje nytt i Sogn
4. Utvide kunnskapen om samfunnsliv og arbeidsliv



## Elevaktiv messe

- alle elevane i 8. klasse skal på rundløype med besøk til bedrifter på Leikanger
- foredrag i plenum
- besøke stand / elevbedrifter
- teknologitrailor "Tenning på teknologi"
- quiz med premie
- underhaldning

## Program

- |               |   |
|---------------|---|
| 09.00 - 11.00 | Rigging av elevbedrift  |
| 11.00 - 11.45 | Opningsarrangement  |
| 11.45 - 14.15 | Besøk på stand, plenumsforedrag og besøk til lokale bedrifter |
| 14.30 - 15.00 | Avslutningsarrangement  |




## KRASH BETRI

Vinnerbedrifta frå messa i Aurland 2010. Fem kreative jenter frå Kaupanger skule som laga nye klær av resirkulert materiale.



Foto: Haakon Skjerdal, Aurland.



## Premiering i tre hovudkategoriar

- **Kreativitet og nyskaping.** Premie: Tur til Hardangerbrua med Statens vegvesen
- **Formidling og kommunikasjon.** Premie: Tur til NRK i Førde, vere med å lage program
- **Miljø og energi.** Premie: Tur til Vågsøy med besøk på vindmøllepark og bedrifter
- I tillegg blir det trekt ein premie blant alle deltagande bedrifter: Besøk på cruiseskip i Flåm.

